



Fløysand VA AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2576 - 15/19115

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
23.10.2015

Tilknyting til kommunalt vassverk gbnr 19/12 i Dalstø.

Meland kommune viser til søknad , motteke 22.09.2015 frå Fløysand VA as, om tilkopling til kommunalt vassverk for ein fritidsbustad i Dalstø, gbnr 19/12. Søknaden er sendt inn på vegne av Tom Sturle Hansen.

Ved gjennomgang av søknaden ser ein at det er manglar i saka og at den ikkje kan handsamast slik den no ligg føre.

Innsendt kart syner at det er planlagt tilkopling til kommunal leidning som går heilt ned til sjøen. Denne leidningen er berre meint som ein utspylingsleidning for vedlikehald av leidningsnettet og kan ikkje nyttast. Det er heller ikkje vatn i denne leidningen. Det må difor leggjast leidning frå kommunal kum på oppsida av den kommunale vegen eller via private stikkleidningar.

Dersom leidningen skal kryssa privat grunn ut frå kum, må det innhentast naudsynte erklæringar som gjev eigedomen gbnr 19/12 rett til dette. Det same gjeld ved graving i eller kyssing av den kommunale vegen.

Den planlagte innteikna leidningen som går ut i sjø og fram til eigedomen gbnr 19/12 er på om lag 240 meter, derav går om lag 35 meter på land. Denne leidningen er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 og det må difor søkjast om byggjeløyve for denne , jf reglane i plan- og bygningslova. Tiltaket må også nabovarslast på vanlig måte.

I påvente av at eventuelle erklæringar vert innsendt og at det vert søkt om løyve til tiltak for etablering av vassleidningen, vert saka lagt i ventearkiv.

Gebyr for mangelfull sak vert sendt til tiltakshavar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tom Sturle Hansen

Glasskaråsen 29 5106

ØVRE ERVIK

Mottakere:

Fløysand VA AS

Fløksand 5918

FREKHAUG